



Invitasjon til aktivitetsdag 2.april 2022 i Bømløhallen

Me i turn og friidrett ved Bremnes idrettslag vil gjerne invitera born i alderen 6- 10 år (født 2012-2016) til aktivitetsdag ved Bømlø hallen laurdag 2.april, kl. 10-16.

Kvar klubb bes om å stilla med minst ein lagleiar pr. 10 deltakarar, og dei vil måtte følge borna heile dagen. Me håpar me kan dele gruppene på tvers av klubbar, men dette må sjåast an etter korleis smittesituasjonen er når me nærmar oss. Me vil sjølvstøtt følge anbefalingar ang smittevern som gjeld denne dagen.

Våre trenarar vil stå for opplegga som det vert lagt opp til denne dagen. Det vil bli aktivitetar både inne og ute. Hugs å kle dykk etter været.

Dagens lunsj er Salmaburger (inkludert i pris) og kan hentast av lagleiar i kafeen, og ein et ilag med gruppa si. Det vil og vera sal av kioskvarer som t.d pølsa i brød, sjokolade og chips. For føresette kan det og kjøpast salmaburger i kiosken.

Me ser fram til ein dag med mykje moro saman med mange flotte ungar.

Send påmelding til al@bremnesil.no .

Legg ved namneliste med kontaktinfo, allergiar.

Film og foto til bruk for idrettslag eller krets må godkjennast av kvar enkelt deltakar, skjema ligg vedlagt.

Pris pr deltakar er 300kr. Det vil bli sendt faktura til kvar klubb **forfallsdato 23.mars.**

Frist for bindande påmelding er 1.mars 2022. Har du spørsmål? Kontakt Mona Fosse tlf: 97165423

Mvh

Turnstyret Bremnes Idrettslag